



Saksbehandlar: Daniel Gåsemyr Fluge, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 19/2112-2

## **Vurdering av akkumulert mindreforbruk knytt til resultatoverføringsordningane**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Akkumulert mindreforbruk på tannhelsesektoren vert disponert til prosjekt i samband med oppfølging av FT-sak 25/16.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å omdisponere akkumulert resultat mellom dei vidaregåande skulane.

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **Bakgrunn**

I FT-sak 56-18 vart det vedteke at det skulle leggast fram ei sak knytt til resultatoverføringsordningane i den fylkeskommunale drifta. Som ei oppfølging av dette vedtaket legg fylkesrådmannen her fram ei vurdering av resultatoverføringsordningane for veg, opplæring og tannhelse. Vurderingane har hovudfokus på ev. akkumulert overskot i ordningane og plan for disponering av dette.

### **Vegsektoren**

Når det gjeld resultatoverføringsordninga for veg, er fylkesrådmannen si vurdering at denne vert vidareført utan endringar. Bakgrunn for dette er at det i denne ordninga ikkje vert bygd opp akkumulert resultat over tid. Resultatoverføringa er knytt til det løpende vedlikehaldet på veg, og det er tidsforskyvingar årleg som gjer at det vert eit ev. meir eller mindreforbruk. Dei årlege meir- og mindreforbruka er i hovudsak knytt til endra framdrift for vedlikehaldet, og dette varierer mykje frå år til år.

### **Tannhelsesektoren**

Per 31.12.18 er akkumulert mindreforbruk for tannhelsesektoren på omlag 21,4 mill. kr. Dette skuldast at sektoren over tid har hatt god budsjettstyring, og vakante stillingar som over tid har gitt innsparinger i høve budsjettet. Planen har vore å nytte dei oppsparte midlane til delfinansiering av naudsynte oppgraderinger i samband med gjennomføring av vedtaket i FT-sak 25/16 om ny klinikk- og tenestestruktur.

Det er no sett opp ein plan for disponering av desse midlane i tråd med intensjonen. Tilrådd disponering går fram av fram av tabellen under:

	<b>Beløp</b>
Høyanger, dentalteknisk utstyr	-6,000
Stryn, dentalteknisk utstyr/oppgradering	-3,000
Førde, dentalteknisk utstyr, lagt inn som ein del av «nye Førde vidaregående skule»-prosjektet	-6,000
Eid, kjøp av eigedom	-6,000
Stipend	-0,150
<b>Sum</b>	<b>-21,150</b>

Disponeringane er nærmere omtala i oppfølginga av FT-sak 25/16 om ny klinikk og tenestestrukturen, som vert lagt fram som eiga sak for FU/FT i april.

### **Opplæringssektoren**

Vidare vert det gjort greie for resultatoverføringa på opplæring og disponering av akkumulert resultat.

Ordninga gir skulane høve til å styre mot planlagde over-/underskot det einskilde år og gjev med dette skulane større handlingsrom og høve til langsiktig planlegging. Ordninga med resultatoverføring gir også utfordringar; skular som slit med meirforbruk vil få med seg eit stadig større akkumulert meirforbruk, medan skular som brukar mindre enn budsjettet vil kunne legge seg opp reserver – over tid. Ordninga med resultatoverføring stiller difor særskilt store krav til rett budsjettering og økonomistyring.

#### Rekneskapsresultat pr. 31.12.2018

Dei vidaregåande skulane (utan landslinene) hadde i 2018 eit samla meirforbruk på om lag 2,9 mill. kr. Akkumulert hadde skulane eit samla mindreforbruk på 19,2 mill. kr pr. 31.12.18. 11,6 mill. kr av dette skriv seg frå ordinær drift, medan 7,6 mill. kr er knytt til anna verksemder.

Landslinetilboda hadde i 2018 eit samla mindreforbruk på 1,5 mill. kr. Akkumulert hadde landslinene eit samla mindreforbruk på 0,5 mill. kr pr. 31.12.18.

Fagskulen i Sogn og Fjordane hadde i 2018 eit meirforbruk på drifta på 0,050 mill. kr. Akkumulert hadde fagskulen eit meirforbruk på drifta på 0,6 mill. kr pr. 31.12.18. Skulen hadde eit akkumulert meirforbruk på investeringar på om lag 1,8 mill. kr.

Samla akkumulert mindreforbruk på drifta knytt til resultatoverføringsordninga i opplæringssektoren var pr. 31.12.18 på 19,0 mill. kr.

#### Disponering av overskot

Netto overskot på dei vidaregåande skulane er opparbeidd over tid, m.a. som følgje av nøktern bruk av midlar. Fylkesrådmannen ser det som vesentleg at overskotet vert nytta til å styrke den vidaregåande opplæringa og finansiere behov på dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen la difor hausten 2018 opp til ein prosess for å få fram dei vidaregåande skulane sine planar for å disponere overskotet fram mot utgangen av 2019. Skulane planla disponering av overskot til m.a. følgjande tiltak/satsingar på dei vidaregåande skulane:

- Fullfinansiering av investeringsprosjektet «digitale klasserom», jf. FT 44/18 Tertiアルrapport 2/2018
- Styrking av opplæringa
- Organisasjons- og personalutviklingstiltak
- Undervisningsutstyr
- Inventar
- Bil/buss/båt.

Ein del av tiltaka vart gjennomførte i 2018, medan resterande vert gjennomførte i 2019. I vurderinga av disponibelt overskot på den einskilde skule i 2019 må ein korrigere for ev. bindingar for bruken av midlar. Fylkesrådmannen si vurdering er i utgangspunktet at ingen av dei vidaregåande skulane inkl. landsliner bør ha over- eller underskot ved overgangen til ny fylkeskommune. Det bør vurderast om ev. meirforbruk på vidaregåande skular skal salderast innanfor resultatoverføringsordninga. Det kan og vere aktuelt å omdisponere delar av desse midlane mellom skulane eller til andre føremål. Fagskulen får tilskot frå fylkeskommunen og er underlagt eit eige styre som er ansvarleg for drifta av skulen. Fylkesrådmannen ser det ikkje som naturleg å nytte midlar frå mindreforbruk på dei vidaregåande skulane til å finansiere eit ev. meirforbruk på fagskulen.

#### Konklusjon:

Fylkesrådmannen ber om fullmakt til å omdisponere midlar mellom dei vidaregåande skulane, for å saldere ev. meirforbruk innanfor resultatoverføringsordninga. Dersom det syner seg at det er skular som – innan første halvår 2019 – ikkje kan dokumentere realistiske planar for disponering av overskot i løpet av 2019, meiner fylkesrådmannen overskytande midlar må kunne gå til finansiering av investeringar i opplæringssektoren. Fylkesrådmannen vil ev. kome attende til dette, dvs. med ei sak om endelag fordeling mellom drifts- og investeringsbudsjettet – til eit seinare fylkesting.